



Irlendaren Harry Ferguson var mannen bak den vesle, grå traktoren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har ein gråtass på heidersplass og det er ein posisjon som den vesle traktoren i høgste grad fortener.

Han står på Uskedalen Utvikling sitt område like bak oppslagstavla og har no i ei årrekke vore mange ungars populære "køyrety". Men no er han luftlaus, har berre eitt auge og tar til å skrantar også på andre måtar. Han treng å bli rusta opp før han rustar ned og nokon bør ta seg av den oppgåva.

For han bør ikkje fjernast, han bør bli ståande som eit av dei viktigaste minna om utviklinga i jordbruket og då slett ikkje berre i Noreg.

Faktisk vart det produsert ein halv million gråtassar frå 1946 til han vart kutta ut i 1956 og den vesle, men svært effektive traktoren vart den største suksessen til Harry Ferguson (1884/1960), opprinneleg frå Irland. Han var forresten også den første i sitt land som flaug med eigenprodusert fly – men det er ei anna historie.

Den revolusjonerande nyskapningen som tok over etter hesten i land etter land fekk mange kjælenamn. Til dømes vart han kalla "Grålle" i Sverige og "Lille Grå" i Danmark, men vi som voks opp med han på 1950-talet kalla han den gongen rett og slett for "Ferguson". Vi hugsar det var gråtassar som gjekk på bensin, men seinare også på parafin og diesel.

Mange har teke vare på den populære traktoren, det er framleis utruleg mange gråtassar å finna innerst i låven – kanskje også i Uskedalen?

Han lever vidare i så mange samanhengar, til dømes som teaterobjekt. Vi les til dømes i lokalpressa på dei kantar at det frå 12. juli skal vera "Gråtass-teater" i to veker på Geilo!

Av Ola Matti Mathisen



Gråtassen i Uskedalen treng å bli rusta opp før han rustar ned. (Foto: Ola Matti Mathisen)